

Jotun ASA

v/CEO Morten Fon

Postboks 2021

3202 SANDEFJORD

Manger, 16. desember 2015

Takkhelsing frå Radøy kommune.

På vegne av kommunestyret i Radøy, har eg den glede å senda Jotun ASA ei varm takkhelsing for dei åra de dreiv malingfabrikken i Mangerøy, og dei arbeidsplassane dette skapte i lokalsamfunnet vårt.


Kommunestyret vil særleg takka for den omfattande og kostnadstunge ryddejobben de føretok ved fråflytting av eigedommen! Her vert Jotun ståande som eit flott førebilete for andre,- de har utvist godt samfunnsvar ved å gjennomføra oppryddinga i miljøavfall frå den tida dette vart sett annleis på enn i dag. Kommunen vil spesielt takka Erik Gjersøe for godt samarbeid i denne prosessen.

Endeleg er kommunestyret takksam for at de sikra eigedommen til vidare bruk for næringsføremål,- det er viktig for oss.

Me legg ved eit måleri av vår lokale kunstmålar Bjarne Skjold, som har fanga inn ein holme like utanfor der malingfabrikken i Mangerøy låg. Me håpar dette typiske kystlandskapet finn sin plass i Jotun sine lokale som uttrykk for takkhelsinga frå Radøy kommune. Det var ei glede å vera vertskommune for Jotun! Me legg også ved eit eksemplar av jubileumsboka for Radøy kommune,- der fabrikken i Mangerøy har sin omtale.

Vennleg helsing

Radøy kommune



Jon Askeland

ordførar